



Skular og barnehagar i Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/4712 - 15/1189

Saksbehandlar:

Reidun Elin Johannessen

reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

21.01.2015

Forskrift om ferie og fridagar i skule og barnehage 2015-2016

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutta etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert rådmannen. Vedteken skule- og barnehagerute for skuleåret 2015-2016 byggjer i hovudsak på skule- og barnehagerute for Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Skule- og barnehageruta dette året vert eit unntak samanlikna med tidlegare år. Da påska kjem veldig tidleg, er fire av fem vinterferiedagar flytta til veka etter påske i 2016. Dette vert gjort for å unngå oppstyking av gode læringsperiodar. Den vedtekte skuleruta for Bergen og Hordaland fylkeskommune er drøfta i styret for Nordhordland kursregion, og her er det semje om ei målsetting om også ei felles skule- og barnehagerute i regionen. Dette av omsyn til born, unge og foreldre/føresette som då lettare kan planleggja sine ferie- og fridagar.

Planleggingsdagar i skule:

Alle grøne dagar kan nyttast til planlegging for personale i skule. Dagane kan nyttast til felles kompetanseheving på skulane, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kursregion har 2 felles planleggingsdagar som kan nyttast til felles kurs/etterutdanning (6.november og 5.februar). Skulane avgjer sjølv etter lokale drøftingar, plassering av dei 4 andre planleggingsdagane.

Innspel som vart sendt inn innan høyringsfristen 23. januar 2015 ligg vedlagt. Vurderingar av innspel ligg i same oversikt.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedteken skulerute Meland kommune 2015-2016
Innspeil

Mottakere:

Skular og barnehagar i Meland
kommune